

## Referat fra klasseforeldremøte 17. september 2014

Tilstades: Veronica, Geir-Vidar, Marit, Anca, Anne og Anniken

1. Presentasjon av Annikken  
Ho opplyser at ho ynskjer mail adressa til alle foreldra.
2. Årsplan / aktivitetsplan  
Vert lagt ut på It`s learning. Dersom du ynskjer den i papirutgåve så gje ein lyd.
3. Gym  
Send med innesko til elevane.  
Annikken ynskjer at elevane skal dusja, mest med tanke på kroppsdeala ein ser i media. Dersom ditt born ikkje skal dusja, send ein melding om det.  
Skriv gjerne i meldingsboka kvifor eleven ikkje skal ha gym, kanskje dei kan delta på noko / få tilpassa gym.
4. Lus  
Nils vil at foreldra skal sjekke håret til borna kvar fredag.
5. Mobiltelefon  
Ikkje lov å ha med på skulen. I særskilde tilfelle skal dette «søkjast» om. Skriv ein melding til Annikken dersom det skulle verte aktuelt å senda med telefon.
6. Lekser  
Annikken vil «spele» på foreldra med leksene; fortel til ein vaksen, spel med, etc.. Plan to dagar på skulen der dei bør velje dei vanskelege leksene. Lekser med **feit skrift** vert lagd i mappa og skal leggjast litt «sjel» i. Annikken vel å gje lite lekser slik at dei skal gjerast skikkeleg. Lekseplanen ligg på It`s learning. Litt problem med å få med seg heim dei rette bøkene. Gje melding dersom ditt born har gløymd nokre bøker. Annikken ynskjer tilbakemelding på leksemengda.
7. It`s learning  
Du finn målsjekken der. Måla står på planen, elevane vert testa kvar fredag.  
Linkar på spel eller nettsider, songar, etc ligg også på It`s learning.
8. Meldingar  
Ikkje alltid Annikken er å nå på mobil, sender du mail så sjekkar ho mailen sin kvar morgon. Gje ein lyd dersom bornet ditt er sjuk og ikkje kjem på skulen.
9. Foreldresamtaler  
  
Skulen tilbyr 3 foreldresamtaler i løpet av året. Dersom foreldre ikkje har behov for den 3 samtalen, gir dei beskjed til Annikken om dette. På neste klasseforeldremøte kan me diskutera om å endra datoane for desse samtalan.

Ref. Anniken O. Sylta